

REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 06.10.2017

STAD: Lync

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Bjørge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem	x	
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	x	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem	x	
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem		x
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem		x
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem	x	
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem		x
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem	x	
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem (går ut av gruppa 05.10.17)		x
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulans og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem	x	
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	x	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem (ny)	x	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem (ny)	x	

AGENDA

- Status og framdrift utviklingsplanen
- Høyring
- Evt

Status og framdrift utviklingsplanen

- Mange arbeidsgrupper er i sluttspurten med å levere rapportar.
- Klinikkperspektivet: Dei fleste klinikkane har levert sine innspel, der dei peiker på nokre områder som ein i planperioden skal ha vidare prosessar på.
- Samhandlingsperspektivet – fått rapportar frå alle gruppene. FIUK har fått justert frist og rapporten vert levert før behandling i styringsgruppa 17. oktober.
- Den generelle biten i utviklingsplanen – har hatt kontakt med stabseiningane med tanke på aktivitet og underlag.
- Utkast til leiargruppa blir truleg sendt ut over helga. Plan å sende utkast til styringsgruppa den 12. oktober sidan dei skal ha møte den 17. oktober.
- Styreseminar med informasjon om utviklingsplanen blir gjennomført på føremiddagen den 25. oktober, med eit påfølgande styremøte utover ettermiddagen same dag.

Høyring (ref presentasjon)

Det visast til interessentane som er både interne og eksterne. Hovudinteressentane for høyring av utviklingsplan er;

- Kommunar, herunder politikarar, administrativ leiing, fastlegar, KS,
- Brukarutvalet og Pasient- og brukarorganisasjonar
- HMR; herunder leiarar, tillitsvalde og verneteneste
- Befolkninga i MR er velkomen til å gje innspel

Tidslina for høyring blei presentert (ref. presentasjon) og vil gå føre seg i perioden 26. oktober - 7. desember (tentativt).

Aktivitetar og kanalar

- Møter kommunar: Regionråd, dialogmøte og samhandlingskonferanse
- Møter HMR; Leiarar, tillitsvalde og verneombod
 - Leiarsamling 21. november
 - Det planleggast intern høyring innad klinikkane iht rapportar frå klinikk og utviklingsplanen (same periode som offentleg høyring)
- Elles visast det til bruk av sosiale media, film, internett, mogleg nettmøte, høyringsbrev, annonse og avis.

Føremål er å sikre medverknad og open prosess.

Innspel frå koordineringsgruppa:

- Informasjon om utviklingsplan på leiarmøte 21. november er positivt
- Det er behov for meir informasjon til leiarane i linja. Det spelast inn forslag om møte på kvart sjukehus i etterkant av leiarsamlinga for å gi kort informasjon om utviklingsplanen og deretter diskusjon.
- Det er behov for verktøy som leiarane i HMR kan bruke for å informere sine tilsette
 - Film
 - Presentasjon
 - Dette må ligge lett tilgjengeleg på intranett/nettsida

Evt

- Spørsmål om dialogmøte og samhandlingskonferansen – opplevelse av at møtene er lite kjent ute
 - Begge konferanser er informert om til målgruppa våren 2017 og det er sendt påminninger i høst.
 - Informasjon ligger på nettsida
 - Utfordring å nå ut til alle. Det visast til informasjon på nettsida;
 - Påmelding dialogmøte 30.oktober [her](#).
 - Påmelding Samhandlingskonferansen 31. oktober [her](#).

Innspel:

- Det er i HMR lagt inn forbod om reiseaktivitet pga økonomiske tilstanden ifht innleie av vikarar osv, og dette verker naturleg inn på deltaking frå tilsette i HMR i slike møter.

Oppfølging

- Informasjon om utviklingsplan 21. november til leiarane HMR
- Sjekke moglegheit for informasjonsmøter pr lokalsjukehus etter leiarsamlinga 21. november og før høyringsfristen 7. desember
- Film og presentasjon som verktøy i formidlinga